



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hilde Skogli, 55 57 23 63

Kommunal- og moderniseringssdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

Vår dato	LINDÅS KOMMUNE	Vår referanse
15.07.2015		2015/6971 423.1
Dykkar dato	Klasserid	Dykkar referanse
20. 07. 2015		
Alt. saknr. 14/2015	1. til 100	Tilgjengelik
Saknr.		

### Oppnemning av setjfylkesmann - Lindås - gnr 121 bnr 1 - Lauvåssjøen - frådeling av tomt til bustad

Fylkesmannen viser til vedlagte saksdokumenter.

Saka gjeld frådeling frå landsbrukseigedom av tomt til bustadformål. Tomta er på om lag 1,1 dekar.

Eigedomen ligg i Knarvik Nord. Området er del av kommuneplan for Lindåsneset med Mongstad. I denne planen er området sett av til landbruk, omsynssone med særlig vekt på kulturlandskapet. Tiltaket ligg og innafor 100-metersbeltet til sjø. Tiltaket krev dispensasjon frå gjeldande plan og frå plan- og bygningslova (pbl) § 1-8.

Den 10.12.2014, i sak 140/14, gav Lindås kommune v/ plan- og miljøutvalet avslag på søknaden. Avslaget vart påklaga av grunneigar, ved brev mottatt av kommunen den 02.01.2015, og av naboar/Knarvik Nord bygda, ved brev mottatt av kommunen 02.01.2015. Klagesaka vart handsama av plan- og miljøutvalet i møte den 04.03.2015, under sak 028/15. Klagane vart ikkje tekne til følgje. Saka vart deretter sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Før kommunen fatta vedtak i saka, vart saka sendt på uttale til mellom anna Fylkesmannen i Hordaland. I brev datert 10.11.2014, ref. 2014/13034, kom Fylkesmannen med uttale i saka. Uttalen frå Fylkesmannen er grundig og heilt konkret, og det går fram i uttalen at Fylkesmannen meiner at det ikkje kan gjevest dispensasjon i denne saka. Kommune har i si grunngeiving for å gi avslag vist til uttalen, og viser også til uttalen i klageomgongen når avslaget vert oppretthaldt. Vi finn på bakgrunn av dette at Fylkesmannen her har kome med ei såpass konkret vurdering av dispensasjonsspørsmålet, slik at vi finn å vere ugilde når det gjeld handaminga av klagesaka. Slik vi ser det ligg det her føre «*særegne forhold*» som gjer at vi finn det naudsynt å få oppnemnt setjfylkesmann i saka, jf. forvaltningsloven (fvl) § 6.

Fylkesmannen finn etter dette å sende saka til KMD for oppnemning av setjfylkesmann til handsaming av klaga på Lindås kommune v/ plan- og miljøutvalet sitt vedtak av 10.12.2014, sak 140/14.

Sakas dokument følgjer vedlagt.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterende fylkesmann

Hilde Skogli  
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Ingrid Lilly Knarvik Knarvikgarden 69 5955 LINDÅS  
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ